



Statens vegvesen

Svein Arne Sørheim
Skarpnesvegen 3
5918 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/36071-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
31.03.2016

Svar – Søknad om dispensasjon frå byggegrense – garasje – Fv. 245 – gnr. 28 bnr. 46 – Meland kommune


Statens vegvesen syner til søknad datert 3. mars 2016.

Vedtak:


Med heimel i veglova §§ 29 og 30 gir Statens vegvesen dispensasjon frå byggegrense langs Fv. 245 for oppføring av garasje på gnr. 28 bnr. 46 i Meland kommune, *vår referanse FV 245 Hp 1 km 5,681*.

Vilkår for dispensasjon:

1. Løyvet gjeld i høve til føremål som kjem fram av søknaden.
2. Minste avstand frå næraste bygningsdel (medrekna takutspring) til senterline køyreveg må vere minst 30 meter. Minste avstand frå næraste bygningsdel til senterline for regulert gang- og sykkelveg må vere minst meter 15 meter (Reguleringsplan Fv245 frå Hatleberget til Skarpneset).
3. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigendomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigen eigedom for å unngå rygging ut på offentleg veg.
4. Dispensasjonen fell bort dersom byggjearbeidet ikkje har starta innan 3 år frå d.d.
5. Det er ikkje grunnlag for krav mot Statens vegvesen på grunn av skade eller ulempe som følgje av at bygningsdelane ligg innanfor byggegrensa, med mindre det kan påvisast aktløyse frå Statens vegvesen si side.
6. Dersom tiltaket oppførast i strid med vilkåra i denne dispensasjonen, kan tiltaket krevjast fjerna med heimel i veglova si § 36 utan kostnad for Statens vegvesen.
7. Det er eit vilkår for dispensasjonen at det er naudsynt godkjenning frå kommunen.



Situasjonskart. Byggjegrensa skal reknast frå senterlinje fylkesveg til næraste bygningsdel, og minst 15 meter frå senterline til regulert gang / sykkelveg.



«Reguleringsplan Fv245 frå Hatleberget til Skarpeneset» (utdrag). Garasjen må plasserast minst 15 meter frå senterline på regulert gang / sykkelveg.

Bakgrunn for vedtaket:

Byggjegrensar skal ivareta omsynet til trafikktrygging, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ev utviding av vegen, og miljøet langs vegen.

Eigedomen ligg langs Fv. 245, i tilknytning til kryss med kommunal veg mot Skarpeneset. Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgnetrafikk (ÅDT) er 500. Vegstrekninga forbi staden er klassifisert til Haldningsklasse 4 jamfør "Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrensar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016)". Det vil mellom anna seie at vegen har funksjon som lokalveg.

Vegstrekinga er omfatta av reguleringsplan «Reguleringsplan Fv245 frå Hatleberget til Skarpeneset». Det er i denne planen tatt høgde for arealbehov til mellom anna utbetring av vegstrekinga og krysset mot kommunal veg, samt areal til framtidig gang / sykkelveg.

På situasjonskart vedlagt søknaden er garasjen plassert om lag 30 m frå senterline køyreveg. Dette er eit avvik i høve til den generelle byggjegrensa langs fylkesveg, og byggegrensene for vegkryss i plan. Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden finn vi at byggjegrensa kan fråvikast i dette tilfellet.

Retten til å klage:

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast, jfr forvaltningslova §§ 28–36. Klagefristen er tre – 3 – veker frå du fekk dette vedtaket. Klageinstans er Hordaland Fylkeskommune. Ei eventuell klage sendast til Statens vegvesen som sender over saka til klageinstansen.

Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Vedlegg
Melding om rett til å klage på forvaltningsvedtak.

Kopi
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

<p>(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Statens vegvesen Region vest Askedalen 4 6863 Leikanger</p>	<p>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)</p>
<p>(3) Mottakar (namn og adresse) Svein Arne Sørheim</p>	<p>(2) Dato 4. april 2016</p> <p>(4) Klageinstans Hordaland fylkeskommune</p>
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Rett til å krevje grunngeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere <ul style="list-style-type: none"> – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.</p> <p>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
<p>Særlege opplysningar Søknad om dispensasjon frå byggjegrænse langs fylkesveg 245, gnr. 28 bnr. 46, Meland kommune. Snr 16/36071.</p>	